

Han Ola vår

Tone: Ein ting hev eg tenkt på lenge

Rundt om joræ vil ein fidna, ymse strev å ymse dug.
Folkje er kje lika sinna, hev kje adle same hug.
Monge trivast best åleina, millionar gifta seg,
er vel soleis på da reina, Gud hev laga kvar sin veg.

Ola vår han sa solengje, gifta seg ein fåre var,
såg so monge hadde fenje reine heks til kjæringa.
Nei, han vidle fredleg leva utan tur å kjæringrot
for sitt opphald truleg streva, varleg med hand å fot.

Dei so gjekk i stakk å kjola, va no både stolt å sposk,
blæs å flira åt han Ola, rekna han so for ein tosk.
For ein kar, ga so å tassa, imot skikk å all natur,
eller gjeng dei so å masa, dei so eiga sann kultur?

Mori taut: Han Ola måtte ikkje meira masa so,
få seg kjæring, ei so åtte kraft å stella heima no.
Ikkje lenger eg kan horsa! Få deg kjæring i ein fart!
Sjå eg gjeng no so ei tropssa, ferdig til å stupa snart.»

Ola vår, han læt da larra. Tenkte då kvar enda dag:
Sjå han kudne verta narra, få eit heks av verste slag.
Vise Salmon, han fekk lera, surt å beigst so seie han.
Man ka skudle han vel gjera: tusen kone — arme mann.

Detta å so mykje anna, tenkt han på, han Ola vår.
Monge ting seg samanblanna, å so døyr vel snart ho mor.
Mor tilsengs. No vidl ho vita. No eit ålvår vidl ho sjå :
Ivar-Siri, — Halvar-Greta, — dar er to å skåa på.

Gjente so hev småa nøvle, gifta dei, so får dei hodn,
Å so vært da berre vrøvle, å so gjædna monge bodn.
Burt på Hamre, va ei kvinna, ei so va so rar å lun.
Men so va ho hard å sidna. A i bråhast rongast um.

«Mor, du nemnde henne Greta, om ho no so laglæ æ,
æ da ikkje godt å veta kor ho vert i kjæringklæ.
Bror'n seie ho hev nøvle. Men dei æ no endå små.
Men ho hev so hard eidn neve, so hev gjedna hug å slå.

Eva ho fekk syndehugen. den kom idn i hennar sjæl.
Adam stakkar han var trujen, å gav gaum på Evas bræl.
Utan streik å noke krise. Beggje to med all respekt
måtte ut or paradise. syndig vart den heile slekt.

Da hev vore so til dessa: stort mot stort ska høva best.
Prinsar dei ska ha prinsæsse, småfolk so om alt tilrest.
Nokre berg å blaute dikje med ei litæ hytta på,

sjå da æ forlite rikje, for ei 'sæssa til å få.

Ola vår fekk giftegridle, han vart både ør å lei;
spørja Greta om ho vidle, ja menn kudn da verta Nei.
Men dar va no monge fleira, so han kudne våga ta:
va ho Jakobs-Marta deira, uppå Storsæt-um so va.

Ja her er no mong ei kvinna. fjelg å finsleg til å sjå,
uvisst korleis dei vert sinna, når dei kjæringtittel få.
Detta æ kje godt å veta, hedler ikkje greit å sjå,
nøvlna hedna Halvar-Greta, kudne verta store då.

Dæ med mora vidle kvedla. Som ein skuggje vart ho no.
Ingjenting ho orka stedla, verk i både kropp å blo.
Ola vart no lei for resten, no han måtte stedla alt.
Kyr å smale, grisen, hesten, storta om han styrde galt.

Stedla heima no som vanleg, han åleina vann kje på.
Vaska golv å klæ å skamla, stedla maten — ilt å sjå.
Stedla ute, stedla idne, for ein mann da æ no so.
Nei han måtte om i sinne, velja seg ei kjæring no.

Ola var han tenkte: dårleg, vesal då igjerd å ord.
ALI den tid han sag da fårleg, fidna seg ei kånemor.
Da han trudde vondt om kvinna, dei so uting adle va,
Då han injen kudne fidna, om han leita adle sta.

Moræ døydde. No han Ola heit om sine øyre vart.
Dei so gjekk i stakk å kjole, syntest detta va so rart.
Detta at han vart so heta. monge sa da va no so.
Jakobs-Marta, Halvar-Greta, var no gifta bære to.

Ola balte plent åleina. trøytt å lei å sjeidlå gla.
Fridde te Susanna Steine. der han fekk eit kjærlæ Ja.
Hedne tok han no til kjæring, berre to i heimen bu,
væl ho stelte bu a bæring. Fred å hyggja kring dei to.